

Pressemelding, 20. juli 2010  
Hovudopptaket til høgare grunnutdanning

## Elektroniske vitnemål gir rekordmange tilbud

**Samordna opptak (SO) sender i hovudopptaket 2010 ut 71 352 tilbud. Dette er 5 201 fleire tilbud enn i 2009.**

Aukinga skyldast i fyrste rekke at fleire søkjarar har elektroniske vitnemål og ikkje treng å sende inn nokre papir for å få tilbud om studieplass. I 2009 blei omkring 30 000 søkjarar behandla på bakgrunn av elektroniske vitnemål. I år er talet 67 000.

Dermed blir fleire søkjarar kategoriserte som reelle søkjarar, dvs. at lærestadene har nødvendig dokumentasjon for å kunne behandle dei. Etter hovudopptaket 2010 var 94 645 registrert som reelle søkjarar (91,3 %), mot 86 506 (83 %) i 2009.

Nokre søkjarar som i fjor ikkje ville sendt inn dokumentasjon og dermed ikkje hadde fått tilbud om studieplass, får i år tilbud fordi dei har elektronisk vitnemål. Det er truleg at ein del av desse ikkje vil nytte seg av studietilbodet, seier Bente Ringlund, dagleg leiar i Samordna opptak.

Av dei 66 151 som fekk tilbud i hovudopptaket 2009, møtte 41 371 til studiestart.

Sidan fleire søkjarar i år er klassifisert som kvalifiserte, blir andelen kvalifiserte søkjare med tilbud noko lågare. 84,4 % av dei kvalifiserte søkjarane får tilbud om studieplass i hovudopptaket 2010, mot 88 % i 2009. Tilsvarande blir antalet kvalifiserte søkjare utan tilbud høgare, 13 163 i 2010 mot 8 914 etter hovudopptaket 2009.

Av dei 66 151 som fekk tilbud i hovudopptaket 2009, møtte 41 371 til studiestart.

Av dei som får tilbud om studieplass, får 61,6 % (43 982) tilbud på sitt høgast prioriterte studieønske. Tilsvarande tal for 2009 var 65 % (43 155).

Det totale antalet søkjarar til nå er 103 631, mot 104 238 etter hovudopptaket 2009.

Kvalifiserte søkjarar som enno ikkje har fått tilbud kan stå på venteliste til studium dei har søkt, men også velje blant studium på Restetorget. I 2009 blei det gitt nesten 5 267 nye tilbud i suppleringsopptaket 29. juli.

### Restetorget

Då Restetorget åpna 20. juli kl. 09.00 var det ledige studieplasser ved 429 ulike studier fordelt på 35 lærestader.

Alle kvalifiserte søkjarar kan søkje studieplassar gjennom Restetorget, uavhengig om dei har søkt tidligare i år. Ledige studieplasser annonserast (blir annonsert) på Restetorget på nett og SMS og ein må søkje gjennom nettsøknad på [www.samordnaopptak.no](http://www.samordnaopptak.no).

## **Svar på tilbud i hovudopptaket**

Søkjere som har fått tilbud om studieplass eller står på venteliste, har frist til 26. juli med å gi svar. Alle må svare via internett - [www.samordnaopptak.no](http://www.samordnaopptak.no), ved hjelp av elektronisk signatur frå MinID.

*Nærare opplysingar om søking til høgare utdanning får du ved lærestadene for høgare utdanning eller Samordna opptak (tlf. 22 84 18 11 / 22 84 18 04 / [www.samordnaopptak.no](http://www.samordnaopptak.no)).*